

## **Høyringssvar - utkast til endringar i kulturlova**

1. Øygarden kommune støttar føremålet med revideringa av kulturlova, som gjer klart at alle forvaltningsnivå har ansvar for å ha ein kulturpolitikk, og å legge til rette for kulturlivet.
2. Øygarden kommune støtter § 1 i forslaget frå Kultur- og likestillingsdepartementet med forankring i Grl. § 100 sjette ledd.
3. Øygarden kommune støttar forslag til § 2 i kulturlova med fastslåing av armlengdsprinsippet, og offentlege mynde sitt ansvar for positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemder.
4. Øygarden kommune støttar at offentlege mynde sitt ansvar for overordna kulturpolitisk styring og oppfølging av løyvingar, inkludert styring som setter overordna rammer for det kunstnarlege og kulturfaglege innhaldet vert fastslått. Det er samtidig ein føresetnad å sikre kunstnarleg og fagleg fridom for innhaldsproduserande kulturaktørar, og armlengds avstand i forvaltninga av kulturpolitiske verkemiddel.
5. Øygarden kommune er samd i at kulturmiljøområdet må kunne vere gjenstand for politiske prioriteringar, og såleis ikkje omfattast av armlengdsprinsippet.
6. Øygarden kommune støtter utgangspunkta i forslaget til ny § 4. Samstundes kan føresegna vere endå tydlegare på å stille krav til kommunal og fylkeskommunal planlegging innanfor kultur, idrett og frivillighet, anten som eiga plan eller som del av anna planverk.